



Nesset kommune



# Vedtekter for Mardølafondet

# Innhold

<b>§ 1 HEIMEL OG KAPITAL</b>	<b>3</b>
<b>§ 2 FØREMÅL</b>	<b>3</b>
<b>§ 3 VIRKEMÅTE OG VILKÅR</b>	<b>3</b>
a. Lån	3
b. Tilskott	3
c. Stipend	3
d. Aksjeteikning	3
e. Storleiken på fondet sine ytingar.	3
<b>§ 4 STYRINGSORGAN</b>	<b>4</b>
<b>§ 5 MØTESKIPNAD FOR FONDSSTYRET</b>	<b>4</b>
<b>§ 6 OPPGÅVER OG KOMPETANSE FOR FONDSSTYRET</b>	<b>4</b>
<b>§ 7 KOMMUNESTYRET SINE OPPGÅVER</b>	<b>4</b>
<b>§ 8 FORVALTNING</b>	<b>5</b>
<b>§ 9 ENDRINGAR AV VEDTEKTENE</b>	<b>5</b>

## **§ 1 HEIMEL OG KAPITAL**

Mardølafondet, tidlegare kalla Næringsfondet i Nesset kommune, er skipa ved kongeleg resolusjon frå 31. juli 1970, der det heiter i pkt. 7:

"Før reguleringene og overføringene tas i bruk, plikter anleggenes eier å innbetale Nesset kommune kr 7.000.000,- som avsettes til et næringsfond for kommunen. Fondet anvendes etter nærmere bestemmelse av kommunestyret til fremme av næringslivet i kommunen. Fondet skal dog fortrinnsvis anvendes til beste for de berørte distrikter innen kommunen. Vedtekter for næringsfondet skal være undergitt Industridepartementets godkjennelse."

## **§ 2 FØREMÅL**

Fondet skal nyttast i samsvar med pkt. 7 i konsesjonsvilkåra og etter dei retningslinene som er gjevne av Stortinget og departementet.

Fondet skal hjelpe til med finansiering av tiltak som kan fremje næringslivet i Nesset kommune, også primærnæringane, og då særleg i Eikesdal og Eresfjord skulekrinsar, ved å ta vare på det eksisterande næringsliv og stimulere til nye næringstiltak.

## **§ 3 VIRKEMÅTE OG VILKÅR**

Både den årlege avkastinga og sjølve fondskapitalen kan nyttast til føremål som nemnt i § 2 og på den måten som er nemnt nedanfor.

### **a. Lån**

Fondet kan yte lån der finansiering gjennom vanlege kredittinstitusjonar og offentlege støtteordningar ikkje strekk til. Det bør til vanleg krevjast at fondet sine ytingar vert sikra ved tinglyst panterett i søkjaren sin eigedom.

### **b. Tilskott**

Fondet kan i særskilde høve, der det etter vedtekten ikkje kan gjevast tilskott frå andre kommunale fond, yte stønad i form av direkte tilskott.

### **c. Stipend**

Det kan gjevast stipend til søker som er busett i kommunen eller som skal slå seg ned her, og som skal utvide ein særskild fagkunnskap i næringsverksemder ved studiereiser og/eller skulegang. Stipend kan ikkje gjevast til vanleg utdanning ved t.d. høgskule/universitet.

### **d. Aksjeteikning**

Fondet kan teikne aksjar eller andalar i tiltak som har særleg stort verdi for næringslivet.

### **e. Storleiken på fondet sine ytingar.**

Fondet sine samla ytingar til ei verksemde skal normalt ikkje vera høgare enn 30 %, avgrensa til kr 1 000 000 av samla kapitalbehov over ein periode på 3 år når det gjeld lån. (Lån definerast ikkje som støtte). Ved søknad om eventuell ytterlegare støtte frå offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden, må støtte frå dette fondet oppgis.

Tilskott og stipend skal ikkje overstige kr 30 000.

Nedbetalingstid for lån skal normalt vera lik låneobjektet si nedskrivingstid inntil 15 år. I einskildhøve kan det innvilgast inntil to års avdragsfridom. Rentefoten skal vera rimeleg, og i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande retningsliner for fondet.

## § 4 STYRINGSORGAN

Nesset kommunestyre er øvste styringsorgan for Mardølafondet. Kommunestyret skal velje eit fondsstyre med oppgåver og kompetanse som nemnt i § 6.

Fondsstyret skal ha 5 medlemar med personlege varamenn. 3 av medlemane med varamenn skal vere busette i Eikesdal og Eresfjord skulekrinsar. Funksjonstida er 4 år, og fylgjer kommunestyret si funksjonstid. Fondsstyret skal sjølv velje leiar, nestleiar og sekretær. Fondsstyret sine medlemar skal ha fri reise etter kommunens regulativ til styremøte, og elles den godtgjersle som kommunestyret fastsett.

Rekneskapen for Mardølafondet skal først av kommunekasseraren og reviderast av kommunerevisoren.

## § 5 MØTESKIPNAD FOR FONDSSTYRET

Styremøte vert halde når leiaren eller minst 3 styremedlemer finn det naudsynt, likevel minst 3 gonger for året.

Styret er vedtaksført når minst halvparten av styremedlemene er til stades.

Vedtak vert gjort med vanleg (simpelt) fleirtal.

## § 6 OPPGÅVER OG KOMPETANSE FOR FONDSSTYRET

Fondsstyret skal:

- a) så lang som råd sjølv ta initiativ til tiltak som kan fremje næringslivet i kommunen.
- b) forvalte fondsmedelen , jfr. § 8.
- c) handsame søknader om støtte frå fondet.
- d) foreta naudsynte undersøkingar før det vert gjort vedtak om lån eller tilskott, og fondsstyret kan i denne samanhengen engasjere konsulenthjelp til utgreiing av tekniske, juridiske, økonomiske eller andre sider ved sakene.
- e) gje tilråding til kommunestyret i spørsmål om endring av denne vedteka, jfr. § 8.
- f) innan 15. februar kvart år sende kommunestyret rekneskap for det siste året saman med årsmelding om verksemda og fondet sine engasjement.

Gjenpart av rekneskap og årsmelding skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen si nærings- og miljøavdeling.

## § 7 KOMMUNESTYRET SINE OPPGÅVER

Kommunestyret kan delegere avgjerdsmynnde i enkeltsaker.

- a) Kommunestyret skal godkjenne rekneskap og årsmelding for fondet.
- b) Ved delegert avgjerdsmynnde tek kommunestyret avgjerd i ankesaker, men formannskapet som ankenemnd skal uttale seg i slike saker før dei vert lagde fram for kommunestyret til avgjerd.

- c) Ved delegert mynde kan eit mindretal i fondsstyret krevje ei sak inn for kommunestyret til endeleg avgjerd når det gjeld bruk eller ikkje bruk av fondsmedelen. Eit slik krav må setjast fram i det møtet der vedtaket blir gjort.

## § 8 FORVALTNING

Fondet sine ledige midlar skal plasserast på best mogleg måte, både når det gjeld sikkerheit og avkastning, men likevel slik at ein tilstrekkeleg sum på pårekna utbetalingar er disponible for styret til kvar tid.

Styra i fonda får fullmakt til å plassere ledige midlar.

Renter og avdrag frå låntakarar vert ført attende til fondet.

Fondsstyret sin leiar har tilvisingsrett innanfor dei vedtak som fondsstyret eller kommunestyret har gjort.

Fondsstyret har høve til å leige inn sekretærhjelp og hjelp til å utføre banktekniske tenester.

Forvaltninga av fondet skal skje i samsvar med denne vedtekta og kommunestyret sine retningslinjer.

## § 9 ENDRINGAR AV VEDTEKTENE

Spørsmål om endring av vedtekten skal både fondsstyret og kommunestyret gje fråsegn om, og endringane kan ikkje tre i kraft før dei er godkjende av fylkesmannen.

---

*Vedteke i Nesset kommunestyre den 16.03.93, sak K 025/93. Godkjent av fylkesmannen i skriv av 07.07.93.*

*Endra i samsvar med reglane i rundskriv H-3/94 frå KAD gjeldande frå 1. januar 1994.*

*Endra i samsvar med vedtak i sak K 170/97, godkjent av fylkesmannen den 01.04.98.*

*Endra i samsvar med vedtak i sak K 06/18, godkjent av fylkesmannen den 02.03.18.*